



Nasjonalparkstyret
for Jotunheimen
og Utladalen

Møteinkalling

Utval: Nasjonalparkstyret for Jotunheimen og Utladalen

Møtestad: Teams

Dato: 22.05.2023

Tidspunkt: 08:30

Eventuelt forfall må meldes snarast til nasjonalparkforvaltar. Vararepresentantar møter etter nærmere beskjed.

Saksliste

Utvalgs- saksnr	Innhold	Lukket	Arkiv- saksnr
ST 18/2023	Godkjenning av innkalling og dagsorden		
ST 19/2023	Referatsaker		
ST 20/2023	Delegerte vedtak		
ST 21/2023	Nasjonalparkstyret for Jotunheimen og Utladalen - Autorisasjon av besøkssenter nasjonalpark		2023/5516
ST 22/2023	Eventuelt		

ST 18/2023 Godkjenning av innkalling og dagsorden

ST 19/2023 Referatsaker

ST 20/2023 Delegerete vedtak

Saksframlegg

Arkivsaksnummer: 2023/5516-1

Saksbehandlar:

Eldrid Nedrelo

Dato: 16.05.2023

Utval	Utvalssak	Møtedato
Nasjonalparkstyret for Jotunheimen og Utladalen	21/2023	22.05.2023

Nasjonalparkstyret for Jotunheimen og Utladalen - Autorisasjon av besøkssenter nasjonalpark

Innstilling frå forvaltar

Nasjonalparkstyret for Jotunheimen og Utladalen tilrår at det blir etablert eit besøkssenter for Jotunheimen nasjonalpark på vestsida av Jotunheimen.

Fortun Grendalag kan vise til god plassering med tanke på tal besøkande, initiativ til godt samarbeid med ei rekke aktørar, inkludert forvaltinga. Føremålet med besøkssenteret viser forståing for samanhengen mellom naturgjevne forhold med naturverdiane og utfordringane ein kan stå ovanfor med auka bruk i Hurrungane-området.

Utladalen Naturhus ligg i innfallsporten til Utladalen landskapsvernområde, og stiftinga viser til at eit besøkstal i løpet av sesongen kan ligja ligg på rundt 25 000 - 30 000, men at det er potensiale for fleire besøkande med autorisasjon som besøkssenter. Naturhuset har ei utstilling frå 1998, med informasjon oml kuturlandskapsverdiane i området, med gardane, stølane og skjøtsel, samt dei tidlege tindebestigarane som hadde Utladalen som utgangspunkt. Naturhuset har etablert samarbeid med forvaltinga, og har gjennomført årleg skjøtsel i Utladalen dei siste 25 åra.

Forvaltingsknutepunktet er etablert i vest på Rådhushuset i Luster med eit breitt samla fagmijø. Frå dette knutepunktet vil ein samarbeide godt med eit besøkssenter uavhengig av plassering, sjølv om det kan vere ein fordel at fleire av samarbeidspartane er samlokalisert.

--- slutt på innstilling ---

Dokument i saka

1. Prop. 1 S (2022-2023) for budsjettåret 2023 (Budsjettproposisjonen for 2022-2023)
2. e-post av 17.04.23 frå Miljødirektoratet
3. Veileder, Bli autorisert besøkssenter, [Krav til autoriserte besøkssentre - Miljødirektoratet \(miljodirektoratet.no\)](#)
4. Miljødirektoratet - Retningslinjer for autorisasjon og re-autorisasjon av besøkssenter for nasjonalparkar og annan natur i Norge.
5. Vedlegg til saka, søknader om autorisasjon som besøkssenter frå følgjande aktørar:
 - Fortun Bygdalag
 - Innovasjon SA i Vang kommune
 - Stiftinga Utladalen Naturhus

Saksopplysningar

Av Budsjettproposisjonen for 2022-2023 går det fram at: «Arbeidet med å ta vare på trua natur og verdiane i verneområda vil halde fram, og Regjeringa foreslår eit nasjonalparkløft for å styrke forvaltninga av nasjonalparkane. Det er foreslått auka driftsstøtte til verneområdestyra, tre nye stillingar for forvaltarar knytte til kvar av verneområdestyra i Dovrefjell-Sunndalsfjella, Blåfjella-Skjækerfjella-Lierne og Midtre Norland og auka løyvingar til to nye besøkssenter for nasjonalpark **for å ta imot gjestar frå vestida av Jotunheimen** og vestsida av Reinheimen, slik at tilreisande kan lære meir om den flotte naturen, historia rundt og korleis ein bør te og kle seg i norsk natur.»

Vidare går det fram av proposisjonen at post 85 Besøkssenter for natur og verdsarv m.a. er auka med bl.a. «**3 mill. kroner til autorisasjon av to nye besøkssenter i samband med nasjonalparker for å ta imot besökande frå vestsida av Jotunheimen og veststida av Reinheimen.**»

Autorisasjon av naturinformasjonssentra

Miljødirektoratet har etablert eit system med autorisasjon av naturinformasjonssentra for å sikre kvaliteten ved dei ulike sentra. I januar 2023 lyste Miljødirektoratet ut autorisasjon for eit besøkssenter som skal ta imot besökande frå vestsida av Jotunheimen nasjonalpark. Søknadsfristen var 12. april.

I e-post av 17.04.23 ber Miljødirektoratet om ein uttale i saka frå nasjonalparkstyret, og viser til at eit støttebrev frå nasjonalparkstyret er eitt av krava som må tilfredsstilla for å bli autorisert.

Av regjeringa.no går følgjande fram om Besøkssentra for natur (sist oppdatert juni 2022):

Hovudoppgåva til besøkssentra er å gi informasjon om den lokale naturen eller kulturmiljøet. Sentra skal:

- *Formidle kunnskap om verneområde nasjonalt og internasjonalt, og auke forståinga for vern*
- *gi naturrettleiing og/eller kulturmiljøformidling*
- *auke dei besökande sin kunnskap om natur, naturmangfald, klimaendringar og kulturmiljø*
- *inspirere til berekraftig bruk av naturen og kulturmiljøet, og gi turforslag og tips til kvar besökande kan utøve ulike former for friluftsliv*

Av heimesida til Miljødirektoratet om Besøkssentre går det fram at vi har 37 autoriserte besøkssenter i Norge. Dei er fordelt på tema **nasjonalpark**, våtmark, skog, rovdyr, villrein, verdsarv og Oslofjorden.

Utlysinga om autorisasjon av besøkssenter for vestsida av Jotunheimen gjeld tema **nasjonalpark**. Besøksenter nasjonalpark formidlar ifølgje Miljødirektoratet «*informasjon om nasjonalparker og andre vernedde områder nasjonalt og internasjonalt og stimulerer til bruk av naturen og nasjonalparkene, og til friluftsliv for øvrig.*»

I førespurnaden om ei støtteerklæring frå nasjonalparkstyret viser Miljødirektoratet til sin rettleiar for å søke autorisasjon og punkta som handlar om:

- «**Samarbeid og forvaltningsknutepunkt**» og
- «**Spesielle krav til temasentre**».

Miljødirektoratet viser også til at «*Ved autorisasjonssøknader for besøksenter nasjonalpark forutsettes det at vernemyndigheter og kommune støtter søkeren.*»

Om punktet «Samarbeid og forvaltningsknutepunkt» står følgjande i rettleiarene:
Sentrene bør arbeide for godt samarbeid med lokal og regional forvaltning, private reiselivsaktører, frivillige organisasjoner og spesielt skoler. Der forholdene ligg til rette for

det, skal sentrene samlokaliseres med relevante etablerte institusjoner som informerer om natur eller kultur (f.eks. museer eller forvaltningsknutepunkter).

Brev med anbefaling eller støtte fra statsforvalter, verneområdestyre og rovviltnemnd bør forklare hvorfor senteret anbefales, beskrive i hvor stor grad senteret samarbeider med verneområdestyre, statsforvalter eller rovviltnemnd, og om verneområdestyret er representert i senterets styre.

Om punktet «Spesielle krav til temasentre» står følgjande i rettleiaren:

Et besøkssenter skal:

- **Ha et nært samarbeid med verneområdestyret og nasjonalparkforvalteren i de områdene der ordningen er etablert**
- Presentere opplevelsesmulighetene i nasjonalparken(e) og randsonene
- tilby lett tilgjengelig informasjon om friluftsliv, stinett og turhytter som lett kan lede besøkende ut i nasjonalparken(e) og andre verneområder
- installere og ta i bruk nasjonalparkskjermen som gir informasjon om alle landets nasjonalparker
- samarbeide med de andre autoriserte nasjonalparksentrene om pedagogiske metodeverktøy, temaautstillingar o.l.

Ved autorisasjonssøknader for besøkssenter nasjonalpark forutsettes det at vernemyndigheter og kommune støtter søknaden.

Tre søknader om autorisasjon som besøkssenter på vestsida av Jotunheimen

Miljødirektoratet har motteke søknad frå følgjande aktørar:

- Fortun Bygdalag
- Innovasjon SA i Vang kommune
- Stiftinga Utladalen Naturhus

Førespurnad frå Miljødirektoratet

Miljødirektoratet har bede nasjonalparkstyret om å gi ein uttale ut frå dei momenta styret meiner er viktig å ta omsyn til. Miljødirektoratet viser til at nasjonalparkstyret har god lokal kjennskap, og er godt rusta til å sei kva som kan vere eit god plassering av eit nasjonalparksenter, både med tanke på samarbeid mellom senter og forvaltning og besøksstrategisk.

I denne samanheng meiner nasjonalparkstyret det er naturleg sjå behovet for eit besøkssenter opp mot både verneformål og verneverdiar, og forvaltingsutfordringar knytt til dette. Dette er moment nasjonalparkstyret ville peikt på også om vi hadde vore førespurt før utlysinga.

Miljødirektoratet var på autorisasjonsbesøk til søkerane den 25. og 26. april, og dei ønskte at styreleiar og/eller nasjonalparkforvaltaren på vestsida av Jotunheimen kunne vera med under besøka. Styreleiar deltok på autorisasjonsbesøk til Innovasjon SA, og nasjonalparkforvaltar Eldrid Nedrelo var med ved besøk til Utladalen Naturhus og Fortun Bygdalag.

Eksisterande informasjonscenter

Norsk Fjellmuseum i Lom fekk i 1997 status som nasjonalparksenter, den gong som eitt av seks sentra i landet. I dag er Norsk Fjellsenter i Lom autorisert nasjonalparksenter for Jotunheimen og Reinheimen, samtidig som det gjev likeverdig informasjon om Breheimen nasjonalpark. Som autorisert nasjonalparksenter for Jotunheimen nasjonalpark har Norsk Fjellsenter ansvar for å formidle informasjon om nasjonalparken og tilhøyrande verneområde, og bidra til auka forståing for vern av naturverdiar og biologisk mangfold.

Utladalen Naturhus er eit informasjonssenter for Utladalen landskapsvernombord og Jotunheimen nasjonalpark. Utladalen Naturhus ligg på bruket Skåri like innanfor Hjelle, som er hovudinngangsporten til Utladalen landskapsvernombord. Utladalen Naturhus har ei utstilling i fjøsbygningen på bruket. Utstillinga har tema om Utladalen og Vest-Jotunheimen si natur- og kulturhistorie. Det gamle gardshuset fungerer som kontor for dagleg leiar i stiftinga, i tillegg til å vera møtelokale og sommarkafè.

På vestsida av Jotunheimen er det tre autoriserte nasjonalparksenter frå før, men ingen av dei er autorisert for Jotunheimen. Breheimsenteret i Jostedalen er autorisert senter for Jostedalsbreen nasjonalpark og Breheimen nasjonalpark, og Norsk Bremuseum i Fjærland og Jostedalsbreen nasjonalparksenter i Oppstryn er begge autorisert for Jostedalsbreen nasjonalpark.

Søknadane

Søknadene om autorisasjon følgjer som vedlegg til saka.

Heimelsgrunnlag

Delegering

Nasjonalparkstyret har delegert forvaltningsmyndighet for Jotunheimen nasjonalpark og Utladalen landskapsvernombord i medhald av vedtekter, sist revidert frå 01.01.2020. Styret kan gje uttaler i saker som vedkjem verneområdet, direkte eller indirekte.

Verneformål – forskrift

Jotunheimen nasjonalpark

§ 1 Formål

Formålet med nasjonalparken er å ta vare på eit stort, samanhengjande og villmarksprega naturområde i overgangen mellom austlandsk og vestlandsk fjellnatur som inneholder særprega og representative økosystem og landskap utan tyngre naturinngrep.

Vidare er formålet med vernet å ta vare på:

- *Eit høgfjellsøkosystem med eit eigenarta og variert naturmangfald, medrekna artar, bestandar, naturtypar og geologi*
- *Store alpine fjellmassiv med brear og spisse tindar med dei høgste fjelltoppane i Noreg*
- *Vakre og eigenarta landskap*
- *Fjellvatn og vassdragsnatur*
- *Særprega geologiske førekomstar*
- *Leveområde for villreinen*
- *Kulturminne.*

Ålmenta skal ha høve til uforstyrra naturoppleving gjennom utøving av naturvenleg og enkelt friluftsliv med liten grad av teknisk tilrettelegging.

Utladalen landskapsvernombord

§ 1 Formål

Formålet med landskapsvernombordet er å ta vare på eit vilt og vakkert vestlandslandskap med økologisk verdi, kulturell verdi og opplevingsverdi og som er identitetsskapande, i tilknyting til Jotunheimen nasjonalpark.

Vidare er formålet med vernet å ta vare på:

- *eit naturområde med eit rikt dyre- og planteliv som pregar dette.*

- *eit eigenarta, ope og vakkert natur- og kulturlandskap med høgfjell, brear og geologiske avsetningar, der kulturlandskapet med beitebruk, gards- og stølsbygninga og kulturminne utgjer ein vesentleg del av landskapet sin eigenart.*
- *naturmangfald som pregar landskapet med naturtypar frå lågland, dalar og skogslier til høgfjell og artar knytte til desse.*
- *særprega vassdragsnatur og landskapsformer.*

Ålmenta skal ha høve til uforstyrra naturoppleving gjennom utøving av naturvenleg friluftsliv med liten grad av teknisk tilrettelegging.


Forvaltningsplan (Utkast 2008)

I utkast til forvaltningsplan for Jotunheimen og Utladalen frå 2008 er det ei kort skildring av informasjonssentra/-punktia som var knytt til området den gongen.

Gjennom forvaltinga skal ein ta vare på verneformåla samstundes som ein skal legge til rette for bruk som let seg sameine med desse formåla. Då er det føremålsterrenleg å dele verneområda inn i soner. Forvaltningsplanen deler inn verneområda i ulike soner etter grad av tilrettelegging:

- Vernesone (som oftast villmarksprega område, få spor av nyare inngrep)
- Brukssone (forsiktige tiltak, tilrettelegging og inngrep for det enkle friluftslivet kan tillatast)
- Sone med spesiell tilrettelegging og inngrep (område der ein kan legge forholda spesielt til rette for ferdsel og kan opne for spesielle tiltak knytt til reiseliv, reindrift mm.)

Kartet nedanfor viser soneinndelinga i Jotunheimen nasjonalpark og Utladalen landskapsvernombord. Avstanden er ikkje lang frå Fortun til hovudinnfallsporten ved Turtagrø. Denne innfallsporten grensar til både vernesone og brukssone. Hovuddalføret i Utladalen er definert som brukssone, medan sidedalane mot vest inngår i vernesona kring Hurrungane.



Vurdering

Miljødirektoratet sine Retningslinjer for autorisasjon og re-autorisasjon av besøkssenter natur i Norge gjev følgjande føringar i kap. 10.3 - Nasjonalpark:

«*Målet med opprettelsen av et besøkssenter nasjonalpark er å formidle kunnskap om nasjonal og internasjonal natur og bidra til forståelse for vern av naturverdier og biologisk mangfold. Besøkssenter nasjonalpark skal spesielt formidle informasjon og kunnskap om nasjonalparken og de verneområder de er knyttet til. Videre skal sentrene informere om allemannsretten og motivere til miljøvennlig og bærekraftig friluftsliv. Sentrene skal fungere som en åpen dør til natur og naturopplevelser og bidra til å skape begeistring og ansvarsfølelse for naturen.*

- *Sentrene skal informere om betydningen av naturvern i Norge.*
- *Sentrene forutsettes å ha et nært samarbeid med verneområdestyret og nasjonalparkforvalteren i de områdene der ordningen er etablert.*
- *Opplevelsesmulighetene i nasjonalparken/e og i randsonene til disse skal presenteres ved senteret.*
- *Utstilling og informasjon skal stimulere de besøkendes egen aktivitet i naturen.*
- *Det bør være lett tilgjengelig og godt presentert informasjon om friluftsliv, stinett og turhytter med utgangspunkt i senteret, i nærheten av senteret, eller i tilknytning til nasjonalparken(e), med tilliggende verneområder.*
- *Sentrene skal installere og ta i bruk relevant felles informasjon om alle landets nasjonalparker og ev. andre felles tema, som utarbeides sentralt.*
- *Det skal tilstrebdes samarbeid mellom sentrene, for å kunne utvikle felles pedagogisk metodeverktøy, temautstillingar o.l.*
- *Sentrene bør arbeide aktivt for å få til et samarbeid med relevante forskningsmiljø og prosjekt.*

Ved autorisasjon og re-autorisasjon av besøkssenter nasjonalpark forutsettes det et positivt vedtak fra vernemyndighet og kommune.»

I samband med utlysing av autorisasjon for eit besøkssenter på vestsida av Jotunheimen nasjonalpark har Miljødirektoratet bede om ei støtteerklæring frå nasjonalparkstyret der styret peikar på moment dei meiner er viktig med tanke på forvaltinga av Jotunheimen nasjonalpark og Utladalen landskapsvernområde. Denne førespurnaden kom etter at søknadsfristen var gått ut. Nasjonalparkstyret meiner derfor det er vanskeleg å skulle stille dei aktuelle søkerane opp mot kvarande, men vi vil likevel trekke fram nokre kvalitetar som vi meiner er essensielle når det gjeld etablering av eit nytt senter. Dette gjeld:

- Behov og plassering
- Formålet med eit besøkssenter
- Samarbeid

Behov og plassering

Per i dag er Norsk Fjellsenter i Lom autorisert som nasjonalparksenter for Jotunheimen nasjonalpark. Norsk Fjellsenter står fram som eit solid senter, som gjennom 26 år både har greidd å halde på det etablerte miljøet som var med frå starten, og har vidareutvikla senteret med nye aktivitetar, utstillingar og arbeidsplassar. Fjellsenteret er knutepunkt for Jotunheimen nasjonalpark og Reinheimen nasjonalpark, og nasjonalparkforvaltarane på austsida har kontorstaden sin på Fjellsenteret saman med kompetansemiljøet der. I tillegg til funksjonen som informasjonssenter, er det også ein viktig møteplass og arena for ulike fagrelaterte arrangement, og ikkje minst eit bindeledd mot reiselivet.

På vestsida av Jotunheimen er Rådhushuset i Luster peikt ut som knutepunkt for nasjonalparkane Jotunheimen, Breheimen og Jostedalsbreen. Nasjonalparkforvaltarane for desse områda har kontorstaden sin på Rådhushuset, og er samlokalisert med Statens

naturopsyn (Jostedalsbreen og Breheimen) og kompetansemiljøet elles på huset, som inkluderer planavdelinga og landbruksavdelinga med bl.a. miljørådgjavar og naturforvaltar. Plassering av knutepunkta er nedfelt ved etablering av ordninga med lokal forvalting av dei store verneområda i perioden 2010-2020 og ligg fast. Autorisasjon av eit besøkssenter på vestsida av Jotunheimen vil derfor verte eit naturleg og viktig bindeledd mellom reiselivet/besøkande og forvaltinga i Jotunheimen nasjonalpark, samt evt. andre område senteret kunne bli autorisert for.


Forvaltinga i Jotunheimen har eit godt og tett samarbeid med Norsk Fjellsenter i Lom. Fjella mellom aust og vest er likevel eit geografisk skilje, vinterstid, både for besøkande og for forvaltinga når fjellovergangane er stengde. På vestsida av Jotunheimen er det tre autoriserte nasjonalparksenter frå før, men ingen av dei er autorisert for Jotunheimen nasjonalpark. Med den aktiviteten som er i vest-Jotunheimen, særleg kring Hurrungane og i Utladalen, meiner vi det er behov for autorisasjon av eit besøkssenter.

Vi vil også peike på at Nasjonalparkstyret for Jotunheimen og Utladalen har diskutert behovet for eit besøkssenter på Beitostølen, jf. digitalt møte med leiinga i KLD hausten 2020 der dette temaet var blant sakene som vart tekne opp. Lokalisering av eit besøkssenter på Beitostølen ville kunne tene både Jotunheimen nasjonalpark og Langsua nasjonalpark med tilliggjande verneområde, då Beitostølen er eit sentralt knutepunkt, både for bilturisten og hyttefolk. Kortaste vegen frå Oslo til Jotunheimen med privatbil eller buss er via Valdres/Beitostølen.

Gjennom utlysinga var det definert at autorisasjon av eit besøkssenter skulle *ta imot gjester fra vestsida av Jotunheimen*. Under krav til drift av besøkssentre på Miljødirektoratet sine heimesider står det m.a. at «*Sentrale målgrupper for sentrene er norske og utenlandske reisende (for eksempel buss-, bil- og aktivitetsturister), lokale fastboende (for eksempel barnefamilier, enslige, pensjonister, næringsliv) og skoler.*» For desse målgruppene som besøkande frå vest, vil eit senter på Tyinkrysset vere det som ligg lengst unna målgruppa sett ut frå geografisk plassering blant dei tre sokjarane.

Geografisk hører Tyinkrysset til Innlandet fylke. Tyinkrysset er eit knutepunkt mellom aust og vest over Filefjell og også mellom Årdal-Tyn, og vil såleis kunne ta i mot gjester frå vest, men vil nok i minst like stor grad trekke gjester frå sør. Søknaden frå Innovasjon SA bør difor heller vurderast opp mot moglege lokalitetar for informasjonsenter retta mot innfart til nasjonalparken frå sør.

Kartet nedanfor viser området som er omtala i denne vurderinga om behov og plassering:



Turtagrø er hovudinnfallsporten til Jotunheimen nasjonalpark frå vest. I søknaden frå Fortun Grendalag er det synt til at eit besøkssenter i Fortun vil ligga sentralt i vekkrysset ved Fv 55 over Sognefjellet med ein årsdøgntrafikk på om lag 600 køyretøy. Ein avgrensa del av dette er lokal trafikk. I statistikk frå Nasjonale Turistvegar er det oppgitt at det passerer om lag 40 000 bilar mellom Fortun og Lom berre i juli månad. I sesongen har besøksstalet til Fuglesteg vore mellom 3000 og 5000, der alle parkerer og går opp frå Fortun. På seinvinteren, særleg i påska er det mykje trafikk gjennom bygda til Turtagrø og Hurrungane.

Utladalen Naturhus ligg i innfallsporten til Utladalen landskapsvernområde, og i søknaden er det synt til at Årdal har om lag 5500 innbyggjarar, og svært mange av desse er ivrige brukarar av området. Vidare syner dei til at eit realistisk besøkstal i løpet av sesongen ligg på rundt 25 000 - 30 000 personar, samt at Tindevegen registrerte 56 000 bilpasseringar i 2022, og at eit besøkssenter kan dra fleire av desse til Utladalen. Det blir vidare vist til at det går føre seg ei storstilt utvikling av området Tyin/Filefjell, med fokus på hytteturisme og skiturisme, og at salsapparatet der har fokus på Utladalen som dagsturmål for sine gjester.

I gjeldande Besøksstrategi for Jotunheimen og Utladalen er både Turtagrø og Utladalen løfta fram som innfallsportar av nasjonal betydning. Turtagrø er innfallsport i eit område av nasjonalparken med både såkalla vernesone med villrein og brukssone. Utladalen er innfallsport til eit område definert som brukssone, medan dalane på vestsida av hovuddalen er del av vernesona med villrein kring Hurrungane.

Formålet med eit besøkssenter

Nasjonalparkstyret vil særleg peike på at hovudoppgåva til besøkssentra er «å gi informasjon om den lokale naturen eller kulturmiljøet. Sentra skal:

- Formidle kunnskap om verneområde nasjonalt og internasjonalt, og auke forståinga for vern
- gi naturrettleiing og/eller kulturmiljøformidling
- auke dei besøkande sin kunnskap om natur, naturmangfald, klimaendringar og kulturmiljø
- inspirere til berekraftig bruk av naturen og kulturmiljøet, og gi turforslag og tips til kvar besøkande kan utøve ulike former for friluftsliv

I tillegg til å formidle kunnskap om verneområda og å auke forståinga for vern, meiner vi at vekta på dei tre siste punkta (gula ut ovanfor) også er svært viktige. Ut frå verneformåla for nasjonalparken og landskapsvernombordet ser vi forvaltingsutfordringar knytt til auka tal besökande, særleg i Hurrungane med tanke på uroing av villrein.

Vi vil trekke fram følgjande punkt i verneformåla:

Ein viktig del av verneformålet med *Jotunheimen nasjonalpark* er å ta vare på «*Eit høgfjellsøkosystem med eit eigenarta og variert naturmangfold, medrekna artar, bestandar, naturtypar og geologi.*» Vidare er det ein viktig del av verneformålet «*å ta vare på leveområde for villrein og kulturminne.*»

Norge har dei siste bestandane av villrein i Europa. Vi har derfor eit internasjonalt ansvar for å ta vare på arten og hans leveområde. Hurrungane ligg sentralt i villreinområdet Vest-Jotunheimen, og villreinen har viktige sommar-og haustbeite og vinterbeite kring Hurrungane og Sognefjellet. Samstundes er særleg Sognefjells-området og Hurrungane eit svært populært utfartsområde for toppturar, særleg frå påske og framover. Villrein og ferdsel i vest-Jotunheimen er tema som forvaltinga meiner det er særleg viktig å formidle god kunnskap om til ulike målgrupper, m.a. destinasjonsselskap, guidefirma og den einskilde besökande. Og også kulturminne knytt til villrein er ein viktig del av historia i dette området.

For landskapsvernombordet vil vi særleg peike på punkta i verneformålet om «*å ta vare på eit eigenarta, ope og vakkert natur- og kulturlandskap med høgfjell, brear og gelogiske avsetningar, der kulturlandskapet med beitebruk, gards- og stølsbygninga og kulturminne utgjer ein vesentleg del av landskapet sin eigenart.*» Vidare er ein viktig del av verneformålet «*å ta vare på naturmangfold som pregar landskapet med naturtypar frå lågland, dalar og skogslier til høgfjell og artar knytte til desse.*»

Utladalen har eit særegne, flott og godt skjøtta heilskapleg kulturlandskap, med ulike kulturmarkstypar av nasjonal og regional verdi. Gjennom avtale om kjøp av tenester har Naturhuset gjennomført årleg skjøtsel i Utladalen dei siste 25 åra. Skjøtselsarbeidet her har pågått i medhald av ein skjøtselsplan sidan 1998, og både Naturhuset, SNO og frivillige lokalt har vore involvert i arbeidet. Gjennom utstillinga i Naturhuset har Utladalen Naturhus drive formidling av desse verdiane sidan etableringa i 1998.

Begge søkerane vil slik nasjonalparkstyret vurderer det oppfylle grunnleggjande krav til informasjon. I Utladalen er det allereie etablert eit senter med særleg fokus på formidling knytt til kuturlandskapsverdiane i området, med gardane, stølane og skjøtsel, samt dei tidlege tindebestigarane som hadde Utladalen som utgangspunkt. Utstillinga vart utvikla i 1998, ho er enkel og oversiktleg, men står seg godt. Det var SNO som stod for det faglege innhaldet ved utarbeidninga.

Søknaden frå Fortun Grendalag trekker fram viktige og aktuelle tema sett i lys av forvaltinga av verneområda og særskilde forvaltingsutfordringar knytt til villrein. Formidling av temaet er særleg sentralt i Jotunheimen og vi ser behov for at temaet blir løfta fram og formidla gjennom eit besøksenter. Fokuset på villrein og dei lange friluftslivstradisjonane, med bevisstgjering og informasjon om berekraftig sameksistens er svært aktuelt i dette området med stor utfart både sommar og vinter, samt i sårbare periodar for villreinen. Tindesporten og dei gamle ferdavegane over Sognefjellet har nær, naturleg tilknyting til temaet om villrein.

Samarbeid

For å bli autorisert som nasjonalparksenter må verksemda oppfylle ei rekke krav, og det er ein føresetnad at nasjonalparkstyret støttar initiativet. Støtteskrivet skal skildre i kor stor grad senteret samarbeider med nasjonalparkstyret. *Samarbeid* er løfta fram som eit særskilt viktig krav, under punktet «*Samarbeid og forvaltningsknutepunkt*». «*Sentrene bør arbeide for godt*

samarbeid med lokal og regional forvaltning, private reiselivsaktører, frivillige organisasjoner og spesielt skoler. Der forholdene ligger til rette for det, skal sentrene samlokaliseres med relevante etablerte institusjoner som informerer om natur eller kultur (for eksempel museer eller forvaltningsknutepunkter).»

Blant søkerane har Stiftinga Utladalen Naturhus eksistert i 26 år. Det har vore eit tett samarbeid mellom Naturhuset og SNO i alle desse åra, og SNO har kjøpt tenester frå Naturhuset. Forvaltingsmyndigheita vart overført frå Fylkesmannen i Sogn og Fjordane til Nasjonalparkstyret for Jotunheimen og Utladalen i 2011 gjennom ordninga med lokal forvalting. Slik kom nasjonalparkstyret inn som ein «ny» aktør i området. Dei siste åra har nasjonalparkstyret, forvaltarane og Naturhuset hatt eit godt samarbeid om prosjektet nytt utsiktspunkt ved Vettisfossen. Naturhuset informerte nasjonalparkstyret om søknaden om autorisasjon som nasjonalparksenter i styremøte i desember 2022.

Fortun Grendalag ønskjer å etablere eit nytt besøkssenter i Fortun frå botn av med bruk av eksisterande bygningsmasse, og det er naturlegvis ikkje etablert eit samarbeid frå før. Søknaden viser likevel sterk vekt på samarbeid med sentrale samarbeidspartar, og løftar særleg fram kompetansesmiljøet i knutepunktet på Rådhuset i Luster og Luster kommune, saman med fleire andre aktørar. Søknaden viser også korleis senteret vil kunne vere eit bindeledd mellom forvaltinga og reiselivet. Søkjar har allereie vist initiativ til, og ønskje om godt samarbeid gjennom innhenting av informasjon frå forvaltar og andre sentrale samarbeidspartar i søknadsprosessen, og inviterte forvaltar med på synfaringa med Miljødirektoratet.

Nasjonalparkstyret ser verdien av eit godt og tett samarbeid med kompetansesmiljøa ved nasjonalparksentra. Vi meiner det også er ein føresetnad for ei god og målretta forvalting av områda sidan nasjonalparksentra også skal fungere som eit viktig bindeledd med reiselivet. I denne samanheng vil arbeidet med besøksstrategien for Jotunheimen og Utladalen vere sentral, men også framtidige kommunale strategiar, for å få til ei felles, målretta besøksstyring til naturjuvelane våre. I den samanheng er det særleg viktig å vere bevisste på kva målgrupper/kven ein ønskjer å ønskje velkommen inn i desse områda. Søknaden frå Fortun Grendalag viser god forståing for dette.

Med etableringa av lokal forvalting for dei store verneområda i 2010/2011, var det bestemt at knutepunktet for Jotunheimen nasjonalpark på vestsida skulle vere på Rådhuset i Luster. Luster kommune har lagt godt til rette for eit breitt fagmiljø med forvaltarar for Jotunheimen, Breheimen og Jostedalsbreen, Statens naturoppsyn i Jostedalsbreen og Breheimen, samt landbruksavdelinga og planavdelinga i kommunen med sterkt naturfagleg kompetanse. Lokaliseringa av knutepunktet for Jotunheimen og Utladalen ligg fast.

Nasjonalparkstyret vil til slutt peike på at uavhengig av kven som blir tildelt autorisasjon som besøkssenter, så bør forholda ligge godt til rette for eit tett samarbeid med både forvaltinga, Norsk Fjellsenter i Lom som allereie er autorisert nasjonalparksenter for Jotunheimen nasjonalpark, men også Breheimsenteret i Jostedalen.

Oppsummering

Med bakgrunn i utlysinga meiner forvaltar at valet må stå mellom dei to aktørane lokalisert i Vestland fylke. Søknadane frå Fortun Bygdalag og Utladalen Naturhus er i tråd med intensjonen om informasjonspunkt i vest, medan søknaden frå Innovasjon SA heller må vurderast opp mot moglege lokalitetar for informasjonsenter retta mot innfart til nasjonalparken frå sør.

Utladalen Naturhus ligg i innfallsporten til Utladalen landskapsvernområde og viser til at eit realistisk besøkstal i løpet av sesongen ligg på rundt 25 000 - 30 000, men at det med

Tindevegen og utviklingsplanar ved Tyin/Filefjell er potensiale for fleire besøkande. Naturhuset har ei utstilling frå 1998, med særleg fokus på formidling knytt til kuturlandskapsverdiane i området, med gardane, stølane og skjøtsel, samt dei tidlege tindebestigarane som hadde Utladalen som utgangspunkt. Med lokalisering i innfallsporten til Utladalen har Naturhuset etablert samarbeid med forvaltinga. Gjennom avtale om kjøp av tenester har Naturhuset gjennomført årleg skjøtsel i Utladalen dei siste 25 åra.

Eit besøkssenter i Fortun har kort avstand til Turtagrø, hovudinnfallsporten i Jotunheimen frå vest. Bygningsmassen ligg midt i krysset når ein kjem ned frå Sognefjellet og lokaliseringa er strategisk med tanke på å nå ei stor gruppe besøkande, uavhengig av om den besøkande har gjort eit bevisst val, eller berre oppdagar plassen på gjennomreise. Gjennom formuleringa av dei tre naturgjevne og lokale hovudtema i formålet med besøkssenteret viser Grendalaget stor forståing for naturverdiane og utfordringane ein kan stå ovanfor med auka bruk i Hurrungane-området. Fortun Grendalag ønskjer å etablere eit nytt besøkssenter i Fortun, og difor er det ikkje etablert eit samarbeid frå før. Søknaden viser likevel sterkt vekt på samarbeid med sentrale samarbeidspartar.

ST 22/2023 Eventuell